



Steinar Myklebust fann Stillehavsøsters alt i mars måned i år.

Både Grenda og Kvinnheringen har hatt reportasje frå funn av Stillehavsøsters på Valen, Varaldsøy, Rosendal og på Halsnøy. Alt i mars måned fann Steinar Myklebust bestanden østers ved reingjering av flytekai på Rabben Feriesenter. Østers spreier seg raskt og funnet i Uskedalen kjem truleg frå ein lokalitet på Karmøy.

Stillehavsøsters er lett å kjenna som havets knivblad. Skarpe kantar gjer at mange skjer seg til blods ved bading og anna arbeid i strandsona. Havforskningsinstituttet registrerer alle funn på kart og ser på den måten korleis arten formeirar og spreier seg langs kysten. Difor vert alle oppmoda om å melde frå om funn.



Stillehavsøsters er kjend for å vera Havets knivblad

Dersom østers vert ei plage på badestrender, må det ryddeaksjon til. Den framande østersen øydlegg miljøet i havet. Lenger sør i Europa er det alt eit problem i høve til blåskjelbestaden og overfor dyr som livnærer seg av blåskjel. I Noreg har ein til no ikkje registrert negativ biologisk effekt.

Det vert rett nok forska på korleis ein kan nytta østers som ein ressurs i framtida.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal